



Skaden ved Kjerland vart raskt utbetra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dei siste dagane har dei som sognar til den kommunale vegen på Kjerlandssido opplevd rask kommunal reaksjon i samband med ein vass-skade og vil berømme kommunen for det.**

Torsdag skreiv Jon Harald Kjærland til den kommunale vegsjef Ivar Kåre Døssland om vass-skaden. Han opplyste at bærelaget under asfalten 10 meter ovanfor løa hans var vaska vekk slik at asfalten hang i lause lufta.

Opninga under asfalten var 70 centimeter i diameter og ein halvmeter djup og gjekk innunder eine hjulsporet.

- Dersom dette ikkje vert retta vil asfalten knekke ned og det kan føre til trafikkfare, skreiv Kjærland, som bad om at Døssland skulle se på saka snarast.

Og det skjedde - allereie laurdag føremiddag var mannskap på plass og reparerte skaden.

Av Ola Matti Mathisen